

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2184 - 19/18260

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

16.06.2019

Plangodkjenning - Danielsen Ungdomsskule Frekhaug

Danielsen Ungdomsskule Frekhaug har i pr. d.d. modulbygg som er godkjent for 180 elevar (vår ref. 14/2184 – 16/17739). Modulbygga vart oppført i påvente av ny eksisterande skule. Det er nå planar om å sette opp eit nytt skulebygg som vil erstatte modulbygga.

Den 21.05.19 sendte Danielsen Ungdomsskule Frekhaug søknad om plangodkjenning av eit nytt skulebygg, etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. § 6.» (Vår ref. 14/2184 – 19/16634).

I samband med plangodkjenning, vart underteikna invitert til eit møte på skulen den 06.06.19, for å gå igjennom teikningar av det nye skulebygget og uteområdet. Tilstade var Elisabeth Næverlid Sævik (Økonomileder EDS og byggherre), Laila Anita Eidsheim Flaa (rektor ved Danielsen Ungdomsskule Frekhaug), Øystein Lossius (inspektør ved Danielsen Ungdomsskule Frekhaug), Thomas Tysseland (arkitekt ved Tyark AS) og Grethe Elin Mjelde (teknisk- hygienisk ingeniør ved Miljøretta helsevern).

Ny skule er planlagt for 180 elevar, og vil vere ferdig bygget om ca. 2 år (ca. 2021). Nytt bygg vil erstatte dagens modulbygg.

➤ **Vurdering**

Ut i frå søknad, oppdaterte teikningar og møte den 06.06.19, vurderast det at Danielsen Ungdomsskule Frekhaug tilfredsstillar krav gitt i «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.», og har stort nok areal til 180 elevar i skulebygget. Kvar klasse vil ha tilgang til grupperom som er knytt til klasserommet, og spesialrom vil ligge i 1. plan. Krav gitt i TEK 17 vil bli følgt.

Uteareal er oppgitt ca. 6911 m². Skulen vil i tillegg ha tilgang til naturområdet ved Badevika, som har eit areal på over 2 000 m². Totalt ca. 8911 m².

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 57 70
Telefaks +47 56 37 50 01

«Skolers utearealer» (Helsedirektoratet: IS – 1130 frå 2003) anbefaler 10 000 m² for skuler som har mellom 100 – 300 elevar. Eksisterande skular må ha tilleggsareal innafor 200 m frå skulebygning. Badevika ligg meir enn 200 m frå skulebygget.

Det er opplyst frå Helsedirektoratet at «Skolers utearealer» (Helsedirektoratet: IS-1130) er under oppdatering. Oppdatert kunnskap skal leggast til grunn for nye anbefalingar både for skuler og barnehagar. Danielsen Ungdomsskule Frekhaug må ved bygging av nytt skulebygg forholde seg til de anbefalingar som Helsedirektoratet kjem med i oppdatert utgåve av «Skolers uteareal».

➤ **Samtykke til planer**

Miljøretta helsevern samtykkjer til planane til Danielsen Ungdomsskule Frekhaug, der det skal byggas eit nytt skulebygg for 180 elevar. Vurdering er utført etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*».

Danielsen Ungdomsskule Frekhaug må forholde seg til regelverk/anbefalingar som kjem frå myndigheiter som rører ved skulens oppvekst- og læringsmiljø for elevane.

Ei endeleg godkjenning av Danielsen Ungdomsskule Frekhaug etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*» vil bli gitt etter søknad når bygget er ferdigstilt. Vurdering om godkjenning skal utførast før oppstart.

Med helsing

Tord Moltumyr
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Oppdaterte teikningar av plan 1 og 2.

Kopi til:

Elisabeth Sævik
Laila Anita Eidsheim Flaa
Martin W Kulild
Meland kommune
Øystein Lossius